



Lokale deltakarar under ein tidlegare fotballskule (Foto: Ola Matti Mathisen)

Så snart skulane har teke ferie, er det klart for dei populære fotballskulane. Påmeldingane er alltid gode, og skulane kan verta fullteikna. Derfor er det lurt å vera ute i god tid. Tine fotballskule i Rosendal vert i år 24. - 26.juni.

Fotballskulen er for både gutar og jenter som er fødd i tidsrommet 2000 - 2006. Den kostar 675,-kr for kvar deltakar, og då får alle tre dagar med fotballskule, mat, 'Tinepakke' samt ein skikkeleg fotball.

Første dag samlast alle i gymsalen, og alle må vera på plass til klokka 09:00. Der vert det registrering, inndeling i puljer, utlevering av utstyr m.m.

All aktivitet føregår på gras- eller kunstgrasbanen.

Fruktserveringa skjer ved kiosken, mens brødmåltidet føregår i Samfunnshuset.

Instruktørane må møte kl. 08:30 kvar dag i møterommet i 2. etg for info.

Betaling skal skje til kontonummer: 3460.12.14298 og alle må merka tydeleg kven som har betalt.

Påmelding må skje innan 15.juni på dette [skjema](#)

Av: Thor Inge Døssland.